



Byggraad AS
Fleslandsvegen 235 A
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1946 - 16/26556

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

26.09.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 123/148

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.07.16

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst i søknaden at tiltaket har 4,5 meter høgde til gesims frå gjennomsnittleg planert terreng. Innsendt informasjon viser eksisterande terreng som ligg lågare enn kva som tilseier gjennomsnittleg planeringshøgde på kote +32. Vi ber om at det sendast inn supplerande informasjon som syner terrengnivå og der det går fram at gjennomsnittleg planert terreng er innanfor krava i reguleringsplanen.
2. Det er lagt opp til estetikk med med flatt tak. Kommunen ber om supplerande informasjon om korleis estetikken for tiltaket er i tråd med omgivnadane.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.10.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lillian Vabø Mongstad og Dag Unnar Storhaugen 49 5955
Mongstad

LINDÅS

Mottakarar:
Byggraad AS

Fleslandsvegen 5258
235 A

BLOMSTERDALEN